Fra: "Per Christian Burhol" <per@burhol.net>
Sendt: fredag 4. september 2026 11:34:24
Til: "Malin Solheim Olsen" <msol@nve.no>
Kopi: "Helge Kårstad" <helge@kystskogbruket.no>
Emne: Innspel til Selselva kraftverk - auka slukeevne - naturhistoriske verneverdiar

Hei,

Mitt namn er Per Christian Burhol. Eg bur i Flekke i Fjaler.

Laurdag 22.08.2026 gjennomførte underteikna, saman med ein professor i paleontologi, ei synfaring i området rundt Selsvatnet for å påvise ein fossilførekomst eg hadde funne spor av i 2020/21.

Synfaringa resulterte i funn av nemnde førekomst. Førekomsten ligg om lag 150–200 meter nordaust for Selsvatnet, og inneheld fleire fossil av planter frå midtre devon, om lag 385 millionar år gamle.

Ut frå ein rapport i Bergen Museums Aarbok 1920–21 av Carl Frederik Kolderup, er det minst éi anna kjend førekomst av fossile planter på vestsida av Selsvatnet. Denne har eg ikkje kartlagt per no. Førekomsten som vart påvist 22.08.2026 er, så vidt eg kan sjå, ikkje omtalt i ovannemnde rapport. Det er difor behov for å gjennomføre fleire synfaringar i området for å kartleggje om det finst fleire førekomstar av fossil rundt Selsvatnet. Slike fossil er sjeldne i Noreg – det er berre ein handfull kjende førekomstar i landet. Det er difor viktig å ta vare på dei få førekomstane som finst, då dei er ei viktig kjelde til kunnskap om både liv og fortidige klimaendringar i Noreg. Eit kvart tap av sjeldne fossilforekomstar må reknast som eit nasjonalt tap av naturhistorie.

Ei endring i vasstanden i Selsvatnet kan øydeleggje eventuelle førekomstar av fossil ved vatnet. Fossila er skjøre sjølv om den omkringliggjande sandsteinen er hard. Overfløymde fossilforekomstar er vidare utilgjengeleg for forsking. Eg ber dykk difor om ikkje å gå vidare med omsøkt reguleringsendring grunna fare for øydelegging av verdifulle naturminne.

NRK puibliserte nyleg ein artikkel om funnet:

https://www.nrk.no/vestland/fann-385-millionar-ar-gamalt-plantefossil-i-sunnfjord-_-fra-for-dinosaurane-si-tid-1.18002606

Med helsing,
Per Christian Burhol

Med helsing, Per Christian Burhol